



# Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse.....	2
Kap 1 Barnehagelova .....	3
Kap 2 Barnehagens visjon.....	4
Kap 3 Barnehagens satsingsområde og årstema for barnehageåret 2024-2025.....	5
Kap 4 Fagområda .....	6
Kap 5 Progresjonsplanar.....	7
Kap 6 Innholdet i barnehagen .....	13
Omsorg.....	13
Danning .....	15
Læring.....	16
Kap 7 Medverknad .....	17
Kap 8 Planlegging og vurdering .....	18
Kap 9 Samarbeid med andre instansar.....	19
Kap 10 Mattilbudet i Sande barnehage .....	20
Kap 11 Foreldresamarbeid .....	21
Kap 12 Tilvenjing og overgangar.....	22
Kap 13 Informasjon og datoar .....	23
Viktig informasjon og reglar .....	23
Kontakt informasjon .....	25

# Kap 1 Barnehagelova

## § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.



## Kap 2 Barnehagens visjon

### Barnehagens visjon er: **Små steg, store spor for framtida.**

Vi har eit ynskje om at vi i Sande barnehage skal setje spor i barnas liv. At barna skal sitte igjen med gode minner frå barnehagen. Gode minner frå kvardagen, ikkje berre frå dei store flotte prosjekta, tradisjonane og høgtidene, men gode trygge minner frå ei fin tid i eit trygt og godt oppvekstmiljø. Dette legg føringar for kven vi som vaksne skal vere og korleis vi skal opptre, overfor kvarandre som vaksne, og som trygge vaksne overfor barna. Kva verdiar vi skal halde høgt og kva vi skal formidle.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver, set viktige rammer for dette: Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Rammeplan s. 7)

#### Vi ynskjer å skape:

- Varme relasjonar
- Gode minner
- Like høve til læring
- Høve til utvikling av barnets personlege styrker
- Trygge barn
- God sjølvkjensle
- Gruppetilhøyrslø for alle
- Glede
- Varige venskapsband
- Spannande opplevingar

#### Vi ynskjer å tilby:

- God tid til barna
- Begeistra og engasjerte vaksne
- Å bli sett og høyrte
- Spannande samtalar
- Å utforske verden saman
- Humor og glede
- Venlegheit
- Rausheit og inkludering
- Eit godt og trygt barnehagemiljø





# Kap 3 Barnehagens satsingsområde og årstema for barnehageåret 2024-2025

## Ute- og friluftsliv

I år har barnehagen valgt å fokusere på friluftsliv og det å være ute i naturen.

Opplevelser og erfaringer i naturen kan fremme forståelse for naturens egenart og barnas vilje til å verne om naturressursene, bevare biologisk mangfold og bidra til bærekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evnen til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan forbli nysgjerrige på naturvitenskapelige fenomener, oppleve tilhørighet til naturen og gjøre erfaringer med bruk av teknologi og redskaper.

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal vi bidra til at barna:

- Opplever og utforsker naturen og naturens mangfold
- Får gode opplevelser med friluftsliv året rundt
- Opplever, utforsker og eksperimenterer med naturfenomener og fysiske lover
- Får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen
- Får kunnskap om dyr og dyreliv
- Lager konstruksjoner av ulike materialer og utforsker muligheter som ligger i redskaper og teknologi
- Får kjennskap til menneskets livssyklus.

Personalet skal:

- Legge til rette for mangfoldige naturopplevelser og bruke naturen som arena for lek, undring, utforskning og læring
- Gi barna tid og anledning til å stille spørsmål, reflektere og lage egne forklaringer på problemstillinger, og til å delta i samtaler om det de har erfart og opplevd
- Synliggjøre naturfenomener og reflektere sammen med barna om sammenhenger i naturen
- Utforske og eksperimenterer med teknologi og naturfenomener sammen med barna.

(Kilde: Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver 2017)

## **BARNEHAGENS ÅRSTEMA ER BYGDA VÅR**

Årstemaet vil ligge som en paraply over alle andre temaer som vi går gjennom i løpet av året. Dette årstemaet vil være den røde tråden gjennom året for alle avdelinger og vi vil dermed sikre at barnehagen er en helhet bestående av mange ulike og spennende deler. Hver avdeling har sin forskjellighet men sammen er helheten større enn summen av delene.



# Kap 4 Fagområda

## Dei 7 fagområda

Fagområda skal spegle det barna er intressert i og som har eigenverdi for barn i barnehagealder. Leiken skal vere grunnlaget for arbeidet med fagområda. Alle fagområda må sjåast i ein samanheng, og skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Vi jobbar med dei gjennom heile året ved å ha ulike aktivitetar, tema og prosjekt som går på tvers av fagområda og femnar om fleire av dei.

### KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

- Bli kjend med eigen kropp
- Hoppe, klatre, sveve, rulle.
- Bevisst på kvarandre sine grenser
- Lære om kosthald og helse
- Bidra til glede og meistring ved fysisk aktivitet

### KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

- Oppdage, oppleve
- Frå inntrykk til uttrykk
- Fantasi og skaparglede
- Dramatisere
- Variasjon i teknikkar og materialer

### NÆRMILJØ OG SAMFUNN

- Utvikle tillit og deltaking
- Medverke i eigen kvardag
- Utforske ulike landskap
- Inkludere
- Bli kjende med tradisjonar, levesett, lokalhistorie og nasjonale minoritetar

### NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

- Skape gode opplevingar ute, året rundt.
- Eksperimentere og få kunnskap og erfaringar
- Bidra til å utvikle respekt, vilje og evne til å ta vare på naturen

### ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

- Få kjennskap til ulike livssyn
- Bidra til respekt og forståing for ulikskapar
- Fortelje og samtale
- Markere høgtider og tradisjonar

### KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

- Skape gode opplevingar med språket, ved hjelp av bøker, sang og eventyr
- Erfare og utforske samspel og kommunikasjon
- Setje ord på kjensler og handlingar

### TAL, ROM OG FORM

- Erfare, utforske og leike med tal, former, mål og storleikar
- Sortere og samanlikne
- Utvikle matematisk grunnforståing

## Kap 5 Progresjonsplanar

<b>Kommunikasjon, Språk og Tekst</b>		
<b>De yngste barna Echo og Delta</b>	<b>De mellomstore barna Charlie og Bravo</b>	<b>De eldste barna Alfa</b>
Barna skal få kjennskap til høgtelsing, bruk av biletbøker og peikebøker. Bli kjend med kjende singlar og enkle regler med bevegelse.	Barna blir oppmuntra til å vere med å synge singlar. Barna får kjennskap til å prøve ulike rytmeinstrument til sangen.	Barna kan synge enkle singlar. Oppmuntre barna til å synge sjølv. Barna lærer enkle rim og regler.
Begynnande evne til samspel med andre barn	Utvikle evna til å kommunisere i leik og samspel med andre barn, t.d rolleleik	Utvikle evne til dialog og meningsutveking. Lytte til andre og vente på tur
Opplive eit tydeleg og konkret språk gjennom leik og aktivitetar.	Utvikle ordforrådet sitt. Barna kjenner sin bokstav og kan lyden av den.	
Barna får hjelp til å sette ord på følelsar og opplevsar. Sette ord på kvardagslege ting og det ein gjer.	Barna får hjelp til å sette ord på følelsar og handlingar.	Barna får hjelp til å bruke språket sitt til å sette ord på følelsar og handlingar. Barna får oppleve eit variert og rikt språk.
Barna blir kjende med eventyr gjennom bruk av konkretar.	Barna får kjennskap til varierte bøker i kvardagen. Barna lyttar til forteljingar og eventyr, og er sjølv med å dramatiserer enkle eventyr.	Barna er med å lagar og dramatiserer eventyr og forteljingar.  Barna får kjennskap til ulike spel saman med vaksne.



## Kropp, Rørsle, Mat og Helse

De yngste barna Echo og Delta	De mellomstore barna Charlie og Bravo	De eldste barna Alfa
Gå på tur kvar veke og ellers bruke uteområdet aktivt. Mykje tid til leik både inne og ute.	Gå på turar kvar veke i variert terreng og lengde ut i frå borns nivå. Bruke nærmiljøet aktivt. Skape glede over å vere ute i all slags vær.	Gå lengre turar og bruke nærmiljøet aktivt. Turar og leik i varriert terreng med fokus på glede og meistring av fysiske utfordringar.
Begynnande inntrening med påkledning	Øve på å bli meir sjølvstendig i av - og påkledning.	Kle på og av seg sjølv, og passe på eigne klær.
Lære namn på dei ulike kroppsdelane	Bli betre kjend med menneskekroppen.	Utvide forståing av korleis kroppen fungerer. Lære å passe på eigen kropp og få ein bevisstheit rundt god helse.
Oppmuntre til å lære nye ferdigheiter. Stimulere fin – og grovmotorikk med ulike aktivitetar.	Vidareutvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll, og bidra til varierte motoriske utfordringar og meistring.	Beherske kroppen og videreutvikle finmotoriske ferdigheter som for eks. blyantgrep
Lære å vaske hender og skape gode handvaskrutiner.	Skape gode hygienerutinar. Meir sjølvstendighet ved toalettbesøk.	Fremje gode hygienerutinar og praktisere gode rutinar sjølvstendig.
Etablere godt kosthald, introdusere mat, lære kvar maten kjem frå og øve på å smøre maten sjølv. Born skal få oppleve eit godt pedagogisk måltid med ein god atmosfære og inkluderande fellesskap.	Etablere godt kosthald, introdusere mat, lære kvar maten kjem frå, og øve på å smøre maten sjølv. Bidra i tilbereding av mat og måltid. Born skal få oppleve eit godt pedagogisk måltid med ein god atmosfære og inkluderande fellesskap.	Etablere godt kosthald, introdusere mat, lære kvar maten kjem frå, og øve på å smøre maten sjølv. Bidra i tilbereding av mat og måltid. Utvide forståinga for samanhengen mellom kosthald og helse. Born skal få oppleve eit godt pedagogisk måltid med ein god atmosfære og inkluderande fellesskap.



<b>Kunst, Kultur og Kreativitet</b>		
<b>De yngste barna Echo og Delta</b>	<b>De mellomstore barna Charlie og Bravo</b>	<b>De eldste barna Alfa</b>
Tilby ulike formingsaktivitetar for å gje borna erfaringar med ulike materiale. Stimulere til kreativitet og lyst til utforsking av ulike materialar.	Stimulere til kreativitet, fantasi og skaparglede ved å innføre ulike formingsmateriell og meir finmotoriske aktivitetar i forming.	Stimulere til kreativitet, fantasi og skaparglede ved å innføre ulike formingsmateriell. Bruke forskjellige formingsteknikkar og variert materiale.
Bruke eventyr og formidle med enkel dramatisering.	Borna får moglegheit til å bidra i dramatisering av eventyr og song, og blir presenterte for forteljingar med meir tekst.	Borna bidreg med opptredenar, konsertar og avansert rolleleik.
	Bruke nærmiljøet aktivt og besøke stader som formidlar kultur, t.d. biblioteket og kyrkja.	Utforske nærmiljøet aktivt og besøke stader som formidlar kunst, kultur og kreativitet.
Bli kjend med namn på ulike fargar.	Introdusere borna for primær - og sekundærfargar.	Barn skal lære å lage nye farger ved å blande sammen ulike primærfarger.
Bidra til at borna blir kjend med barnekultur, som songar, historiar, rim og regler.	Bidra til at borna blir kjend med ulike songleikar, bevegingssongar og songar med meir tekst. Barn blir kjent med ulike rytmer	Kunne synge rent og mestre ulike rytmer. Introdusere songar med fleire vers, lytte til musikk og lage songar. Bruke digitale verktøy for å utfolde seg kreativt.



<b>Nærmiljø og Samfunn</b>		
<b>De yngste barna Echo og Delta</b>	<b>De mellomstore barna Charlie og Bravo</b>	<b>De eldste barna Alfa</b>
Korte turer i sentrum og rundt barnehagen	Besøk i nærmiljøet	Besøke ulike bedrifter
Lære om pappas og mammas jobb	lære om noen utvalgte yrker	Lære om ulike yrker og hva man kan velge å bli
Lære om ulike lokale dyr	Bli kjent med dyre- og planteliv i området	A kunnskap om dyr og planteliv i nærområdet
Bli kjende med tradisjonar	Bli kjende med tradisjonar, levesett, lokalhistorie	Bli kjende med tradisjonar, levesett, lokalhistorie og nasjonale minoritetar
Forstå dagsrytme og egen kvardag	Medvirke i egen kvardag, og bli kjent med miljøet rundt seg	Medvirke i egen kvardag og påvirke miljøet rundt seg
Være trygg i barnegruppen på de voksne	Utvikle tillitt til andre og utvide sin krets av kjente og venner	Utvikle tillitt og deltakelse i nærmiljøet
Erfare likeverd	Lære om likeverd og demokrati	Forstå og erfare demokratiske prosesser og delta i dem

<b>Tal, Rom og Form</b>		
<b>De yngste barna Echo og Delta</b>	<b>De mellomstore barna Charlie og Bravo</b>	<b>De eldste barna Alfa</b>
Barna møter enkle matematiske begreper som stor- liten.	Erfarer og sammenligner størrelser	Utvikle forståing for grunnleggande matematiske begrep
Barna lærer sin plass i gangen og ved bordet. Orienterer seg i barnehage, vite hvor rommene er	Få kjennskap til og orientere seg i nærområdet og på utelekeplassen	Få erfaringer med kart/ posisjoner ut fra egne turer
Putte oppi, puslespill og konstruksjonslek		Eksperimentere med tal, mengde og teljing.
	Lære forskjeller mellom rund og firkant og andre enkle former og mønster og kjenner dem igjen rundt seg	Utvide forståelse for, undersøke og skilje ut ulike geometriske former.



## Natur, Miljø og Teknikk

De yngste barna Echo og Delta	De mellomstore barna Charlie og Bravo	De eldste barna Alfa
Gi borna erfaringar med natur, stimulere til nysgjerrigheit og gje borna erfaring med ulikt vær.	Born får meir inngåande kjennskap til dei fire årstidene og endringane som skjer i naturen i løpet av året.	Gå på turar i skog og mark, følgje med på endringar i naturen og erfare korleis årstider, vær og vind påverkar både menneske og dyr.
Sjå på endringane i naturen ved dei ulike årstidene.	Gå på turar og samle naturmateriale som kan studerast nærare, og følgje med på endringar som skjer i naturen.	Borna utviklar kunnskap om korleis mennesket og naturen er avhengig av kvarandre.
		Borna får kjennskap til solsystemet og naturfenomen.
Bli kjent med bondegardsdyr frå lokalmiljøet.	Borna får kjennskap til dyr, insekt, fisk og blomster/vekstar som er naturleg i nærområdet.	Borna får kunnskap om dyr, insekt, fisk og blomster/vekstar som er naturleg i nærområdet, gjennom å i større grad presentere faktainformasjon enn tidlegare.
Bruke ulike materiale i leik og aktivitetar med fokus på gjenbruk og kreativitet	Borna har kunnskap om kjeldesortering, fokus på gjenbruk og korleis vi kan ta vare på naturen og miljøet.	Fokusere på gjenbruk. Introdusere borna for miljøvern.
Vere med på å plante, så og hauste inn.		
Borna får kjennskap til kvar maten vi eter kjem frå.	Borna får kjennskap til kvar maten vi eter kjem frå.	
	Bruke bøker og digitale oppslagsverktøy som inspirasjon til undring.	Bruke digitale verktøy for å utforske ulike tema innanfor dette fagområdet.

## Etikk, Religion og Filosofi

De yngste barna Echo og Delta	De mellomstore barna Charlie og Bravo	De eldste barna Alfa
Bli kjent med ulike livssyn og religioner som er representerte i barnegruppen	Lære om ulike livssyn og religioner som er representerte i barnegruppa	Reflektere over ulike livssyn og religioner som er representert i barnegruppen
Bli kjent med andre og oppleve å vere ein del av eit fellesskap.	Lære å dele, og arbeide med å mestre samspel med andre born	Reflektere over hvem eg er og vil være.
Begynnende empati og kjenskap til følelser	Ha empati og omsorg for andre.	Samarbeide med andre på ein god måte.
Bli bevisst på kva eg vil og ikkje vil	Få kjenskap til og mogelegheit til å ta eigne val.	Ha omsorg for andre, bevisst på at eigne handlingar påverkar andre. Mestre å ta eit sjølvstendig val
Få kjenskap til høgtider og tradisjonar	Forstå at andre har andre ynskjer, og lære å respektere ulikskap	Fokus på problemløsing og selvstendig tenkning
		Mestre å ta eit sjølvstendig val



# Kap 6 Innhaldet i barnehagen

## *Omsorg*

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna. (Rammeplan 2017: 19)

### *Personalet skal:*

- Bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile
- Leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre
- Sørgje for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrse i barnehagen
- Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- Vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- Bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre
- 

### *Dette gjer vi i praksis:*

- På småbarnshuset brukar vi tilknytingspersonar i starten av tilvenninga, som skal vere ein ekstra tryggleik den første tida. Der har barna også bøker med bilete av familie og andre nære som kan hjelpe barnet å føle tryggleik. Det hjelp også dei vaksne å bli kjende med barna og skape gode relasjonar.
- Viser omsorg ved å vere til stades i leiken og hjelpe å setje ord på kjensler, og rettleier i konflikhtar.
- Er gode rollemodellar som lærer barna å vise omsorg for kvarandre.
- Omsorg i form av førutseielegheit og rutinar i kvardagen hjelper barna å kjenne seg trygge.
- Brukar dagtavle med bilete av det vi gjer i løpet av ein dag. Det gir barna oversikt som skaper trygghet.
- Skapar trygg overgang frå småbarnshuset til storbarnshuset ved å dra på turar og besøk opp dit, slik at barna blir kjende med dei vaksne og avdelinga dei skal starte på.

## **Leik**

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. (Rammeplan 2017:20)

### **Personalet skal:**

- Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- Bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- Observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar
- Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- Ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken



### **Dette gjer vi i praksis:**

- Organisere leikeplassane våre slik at det som er vesentleg i forhold til ein leik er det påkallar merksemda på staden.
- Unngår å ha for mykje leikar tilgjengelege på same tid, for å gjere det oversiktleg og støtte barna sin konsentrasjon i leiken.
- Syte føre variasjon ved å rydde leikar til fjernlager og byte jamnleg på kva vi har framme.
- Har temaarbeid gjennom året og støttar barna i å vidareføre det i leiken.
- Deler inn i mindre leikegrupper.
- Vere nær i leiken og hjelpe barna til å utvikle leikekompetanse.
- Bruke barnas initiativ og vere engasjerte i leiken.
- Bruke regelleikar
- Rettleie barn som viser uheldige samspelsmønster.
- Verdsette den frie leiken.

## **Danning**

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar. (Rammeplan 2017: 21)

### **Personalet skal:**

- Leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
- Leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- Utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- Synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

### **Dette gjer vi i praksis:**

- Er tydelege førebilete som inkluderer, viser respekt og anerkjenner mangfald.
- Synleggjer mangfaldet i barnegruppa og syt føre at alle blir både sett og høyrte.
- Bidreg til at barna lærer respekt og rausheit overfor kvarandre.
- Brukar dagtavle for å støtte barna si evne til å ta aktivt del i demokratiske prosessar.
- Vi ser barn både som enkeltindivid og som ein del av ei gruppe.
- Markerar viktige dagar som bursdag, nasjonaldag og høgtider i livvsyn som er representert i barnegruppa.
- Organiserer lærerike samlingsstunder for dei eldste, kring tema som solidaritet, demokrati, berekrafting utvikling, og oppmuntrar til samtalar og refleksjon, t.d. ved matbordet.



## **Læring**

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få vere med å bidra i eiga og andre si læring. (Rammeplan 2017:22)

### **Personalet skal:**

- Sørge for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- Leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner
- Utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- Støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei.
- Sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar
- Gjennom tilrettelegging av aktivitetar bruker vi også ofte leiken som innfallsvinkel til læring. Lekegrupper kan være ein god måte å øve på sosiale ferdigheiter.
- Tilpasse oppgavenes vanskelighetsgrad til barnas individuelle behov og evner
- Organisere det fysiske miljøet for oppmuntre barn til å utforske, stille spørsmål og utføre eksperimentar

### **Dette gjer vi i praksis:**

- Syt føre trygt læringsmiljø med gode relasjonar mellom vaksne, vaksne - barn, og barn - barn.
- Støttar merkesemda til barna ved å organiserer det fysiske miljøet slik at det som er vesentleg i forhold til ei oppgåve eller ein situasjon også er det som påkallar merkesemda deira.
- Gir ros og anerkjening når barn undrar seg og er nyskjerrige.
- Gjer ros og anerkjening for initiativ, kreativitet og lærlyst.
- Er aktive og deltakande i leiken og rettleiar og støttar barna til å auke leikekompetansen sin.
- Har variasjon og veksling mellom frie og styrte aktivitetar både inne og ute.
- Jobbar med prosjektarbeid og temasamlingar og legg til rette så det kan inspirere til leik.
- Tilpassar utfordringar og oppgåver til barnas utviklingsnivå.
- Nyttar variert tilbod av didaktisk materiale i ulike samlingar.
- Tilrettelegg aktivitetar så vi kan bruke leik som innfallsvinkel til læring.
- Brukar dagtavle for å gje borna oversikt over dagen og dermed bidra til tryggleik og betre konsentrasjon til å lære.



## Kap 7 Medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. (Rammeplan 2017 s. 27)

### *Personalet skal:*

- Sikre at alle barn blir sett og anerkjent.
- Vere tilgjengelege vaksne som er til stades for barna.
- Skape eit miljø der alle barn kan kjenne at dei passar inn - slik dei er.
- Ha eit verdisyn der vi ser barna som likeverdige og møter dei med respekt og tar dei på alvor i dei ulike situasjonane i barnehagen.
- Jobbe for at barna opplever å ha eit støttande og lydhørt miljø rundt seg for å kunne uttrykke seg.
- Fange opp barna sine interesser og bygge vidare på dei i planlegging og gjennomføring.
- Ha ei ressursorientert tilnærming til alle barn.

### *Dette gjer vi i praksis:*

- Er tilgjengelege og engasjerte vaksne som fangar opp og prøver å forstå kva som ligg bak barn sine ulike åtferdsuttrykk som gråt, sinne, latter, iver, tilbaketrekking, unngåing, uro.
- Fangar opp barnas interesser og byggjer vidare på det i samlingar, leik og tilrettelagde aktivitetar.
- Inkludere barna i evaluering og planleggingsprosessar ut frå alder og utviklingsnivå.
- Bidreg til at barna lærer å setje ord på ynskjer, behov og kjensler for å ha språklege verktøy til å kunne medverke i felleskapet med andre.
- Øve på å tolke og forstå andre sine ynskjer, behov og kjensler for å kunne ta omsyn til dei.
- Brukar dagtavle for å gjere dagen trygg og føreutseieleg for barna, og synleggjere kva som er faste rutinar og kva barna kan velje som enkeltindivid eller gruppe.
- Organisere slik at alle barn får vist fram sterke sider og oppleve anerkjenning og å kunne vere stolt over dei.



## Kap 8 Planlegging og vurdering

**Planlegging** gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. (*Rammeplan 2017:37*)

### **Strategiplan:**

Barnehagens eigar har laga ein 5-årig strategiplan for barnehagen, det er barnehagens leiar som har ansvar for å setje dette ut i livet saman med barnehagens leiarlag.

### **Årsplan:**

Barnehagens pedagoggruppe har ansvar for å lage en årsplan kvart år som skal godkjennast av barnehagens samarbeidsutval, før oppstart av eit nytt barnehageår i august.

### **Plantid:**

Avdelingsleiarar og pedagogiske leiarar har mellom 4 og 10 timer planleggingstid kvar veke.

### **Månadsplanar:**

Kvar månad (utanom juli og august) vil det bli lagt ut ein månadsplan via Kidplan i tillegg til ei e-post-varsling ut til foreldre. I denne planen står det kva kvar avdeling/ gruppe skal gjere kvar dag. Denne planlegginga syt føre at det vert føreseieleg for både borna, foreldre og personalet.

Barnehagen skal **jamleg vurdere** det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen.

Barnehagens leiarlag saman med barnehagens leiarar og fagleiar syte føre god evaluering og refleksjon på sine leiarlagsmøter og pedagogmøter. Evaluering og vurdering skal sikre at leiarane ser på eigen praksis og vurderer og forbetrar den kontinuerleg. Arbeid med barnehagens rutinar er ein fast og vesentleg del av barnehagens leiarlagsarbeid.

**Dokumentasjon** av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. (*Rammeplan 2017:39*)

### **Vekes-rapportar:**

I Sande barnehagen skriv vi ein vekes-rapport på slutten av kvar veke. Rapporten blir lagt ut på Kidplan og der kan foreldre lese kva kvar avdeling/ gruppe har gjort den siste veka.

### **Bilete:**

Kvar avdeling tek bileter av aktivitetar og kvardagen og legg dette ut på Kidplan kvar veke.

### **Barnets arbeid**

Barnets arbeid blir gjort synleg på kvar avdeling med tema og sitat frå rammeplanen m.m. i samsvar med barnehagens rutine/standard.

## Kap 9 Samarbeid med andre instansar

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet. (Rammeplan 2017: 40)

Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. (Rammeplan2017:40)

### *Dette gjer vi i praksis:*

- Barnehagen tek ein observasjon av barnet i løpet av barnehageåret og i samband med foreldresamtalene.
- Barnehagen nyttar det godkjente observasjonsverktøyet: Alle med for alle barna, og TRAS ved behov.
- Barnehagen legg fram resultat av observasjon i foreldresamtalar, og elles når foreldre ber om det.
- Ved ei bekymring rund barns utvikling vil dette ALLTID bli drøfta med dei føresette.
- Barnehagen har eit internt fagteam som jobbar med tiltak for barn som treng litt ekstra støtte.

Barnehagen samarbeider med PPT, BUP, HABU, tverrfagleg team, fysioterapeut, barnevern, helsesjukepleiar og logoped i kommunen. Barnehagen kan kalle inn til samarbeidsmøte mellom ulike instansar for å samkøyre informasjonen som dei ulike instansane har om barnet. Foreldra vert alltid kalla inn til desse møta.

Barnehagen har rutiner for arbeidet med barn som treng eit tilrettelagt barnehagetilbod. I Sande barnehage er det en fagleiar som leiar det interne fagteamet. Det interne fagteamet sikrar at barnehagen sitt arbeid med barn i gråsonen føregår på ein profesjonell måte.



# Kap 10 Mattilbudet i Sande barnehage

Sande barnehage har vedtektsfestet følgende mattilbud: Lunsj inkl. minst et varmt måltid i uken, Frukt og et frokostsupplement til matpakkefrokost.

## **FROKOST:**

Hovedregelen er at alle barn skal ha med seg matpakke hvis de skal spise frokost i barnehagen.

Det serveres et frokost supplement. Som supplement serverer barnehagen knekkebrød med smør eller **et** enkel slag pålegg. Det kan også serveres melk/biola med: havregryn, chiafrø, gresskarfrø, banan eller bær serveres iblant.

På småbarnshuset serveres det barnegrøt eller yoghurt for barn som ikke har med seg matpakke.

Frokosttilbudet varer til kl 09.

## **LUNSJ**

Minst et varmt måltid i uken. Brødmat til lunsj de andre dagene.

Pålegg som vi ikke serverer: Syltetøy, Sirup og honning, Saft, Prim begrenses. Det serveres alltid paprika, augurk, eller tomat til brødlunsj.

## **FRUKT**

Ca kl 14 serveres det oppskjært frukt. Det serveres i tillegg knekkebrød med **et** enkel slag pålegg eller bare smør (som ved frokosten). Det påsees at alle barn får i seg frukt.

## **BURSDAGSMAT**

Barnehagen serverer pizza/pølser en dag i måneden for å feire alle barn som hadde bursdag den måneden. Det serveres ikke kaker eller annet søt festmat til bursdagsfeiring.

## **SØTSAKER OG GOTTERI I BARNEHAGEN - BEGRENSES TIL MAKS. 5 GANGER I LØPET AV ÅRET:**

1. Adventstiden: Pepperkaker som barna baker selv smakes og resten sendes med hjem
2. Jul: Julenissen deler ut en sjokoladenisse
3. Karneval: Liten eske gotteri eller en pose tom&jerrykjeks
4. 17. mai feringen: Is
5. Sommer: Is ved varmt vær

Sommeravslutning og andre arrangementer utenom åpningstiden er unntatt fra denne regelen.

Det er mange meninger om mat og hva som bør, og ikke bør serveres til barna. Barnehagen forholder seg til helsedirektoratets anbefalinger.

Kilde: <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>

# Kap 11 Foreldresamarbeid

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. (Rammeplan 2017: 29)

Barnehagen er opptekne av ein god dialog mellom foreldre og tilsette. Det er viktig at barnas interesser blir ivareteke på en optimal måte. Nokre foreldre er mest opptekne av at barna skal ha ein trygg stad å vere, medan andre har veldig klare tanker kring det pedagogiske opplegget. Uansett forventningar, bør foreldrene være ærlege overfor dei tilsette om kva dei ynskjer for barna sine. Foreldre må ha respekt for at barnehagen har rammer å rette seg etter, både i forhold til innhald og økonomi, og at barna deira er del av ei større gruppe. Ikkje alle ynskjer er mogleg å innfri. Likevel er barnehagar avhengig av tilbakemeldingar for å utvikle seg. Gjennom gode samtalar med foreldrene kan barnehagen bli enda bedre.

Kilde <https://www.fubhg.no>

## *Dette gjer vi i praksis:*

- Dagleg samarbeid i bringe- og hentesituasjon
- Brukar Kidplan app'en til kommunikasjon med foreldre. Vi brukar app'en til inn- og utsjekk av barn og registrering av fråver. Skriftlege beskjedar mellom barnehage og heim går via Kidplan app'en. Der finn de også stikkord for kva som er planlagt i veka som kjem, felles beskjedar, oppsummering av veka med bilete i tillegg til eigne biletalbum på passordbeskytta område.



### **Foreldresamtalar**

- Minst en gang om året
- Før skulestart
- Ved behov

### **Foreldremøter**

- For alle barn i september
- Ved overganger ved behov
- Infomøte for foreldre med med minoritetspråklig bakgrunn

### **Arrangementer**

- Ved høgtider
- Sommeravslutning

### **Møter**

- SU-møter – to gonger i året
- Dugnadar

# Kap 12 Tilvenjing og overgangar

## *Når barnet tek til i barnehagen*

Å starte i barnehagen er ei viktig hendig i livet både for barn og foreldre. Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Vi tilpassar rutinar og organiserer tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

## *Overgang frå småbarnshuset til Steia*

Barn og foreldre skal oppleve at det blir lagt til rette for gode overgangar mellom avdelingane. Vi har ansvar for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe. Siste våren på småbarnshuset dreg barna på jamnleg på besøk på storbarnshuset i Steia for å bli kjende på huset og med dei som er der.

## *Overgang barnehage — skule*

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Sande barnehage har et tett samarbeid om overgangen til skulen med Sande Skule. Vi har en egen plan med mange møtepunkter som blant annet inneholder: myk skulestart, besøk og tur med fadderklasseen. Rektor kommer også på besøk på et foreldremøte i februar.



# Kap 13 Informasjon og datoar

## Viktig informasjon og reglar

- Barnehagens opningstid er frå kl. 07.00 - 16.30
- Kjernetida startar kl. 09 og vi ynskjer at barn ikkje blir levert seinare.
- Foreldre må melde i frå innan kl 9 dersom barnet ikkje kjem i bhg.
- Barnehagen deler opp barnegruppa i mindre grupper kvar dag.
- Alle kle skal merkast.
- Det er IKKJE tillate med private leikar i barnehagen. Kosedyr/smokk til soving er lov.
- Barnehagen stengjer kl. 16.30. Ved for sein henting må foreldre fylle ut eit for- sein- henteskjema.
- Barnehagens vedtekter ligg på heimesida og blir godtatt når ein takkar ja til plassen.
- Alle foreldre skal delta i ein dugnad pr. barnehageår.
- Foreldre har ansvar for å halde orden i garderoben og skaffe tilstrekkeleg med skiftekle
- Barnehagen held bleier og foreldre betaler kr. 100 i mnd. når barnet bruker bleier
- Foreldre må gje beskjed til barnehagen dersom barnet blir henta av andre en de som er registrert.
- Parkering skal føregå på barnehagens parkeringsplassar og bilane skal ryggast inn. Tomgang er forbode (unnateke ved stor kulde)
- Foreldre må lukke porten ved henting og bringing



## Datoar gjennom året

Alle datoer med forbehold om endringer.	
AUGUST	Planleggingsdager 15. og 16. august 2024 Tilvenning for nye barn fra 19. august på avtalte dager og klokkeslett
SEPTEMBER	11. september foreldremøte på småbarnshuset 12. september foreldremøte i Steia Uke 38 nasjonal brannvernuke (16 -20.september) Informasjonsmøte for foreldre med minoritetspråklig bakgrunn 25. september
OKTOBER	24. oktober FN dagen Haustferie 7. - 11. oktober 2024
NOVEMBER	Høstfest 14. november vi inviterer foreldre og besteforeldre og viser frem det vi har laget ifm årstemaet vårt. Planleggingsdag 1. november
DESEMBER	Juleverksted med foreldre 17. desember (Selstad/Steia) Luciadagen 13. desember Julemarkering 19 desember Nissefest fredag 20. desember
JANUAR	
FEBRUAR	Tirsdag 6. februar Samenes dag Vinterferie 17. - 21. februar 2025 28. februar Karneval
MARS	11. mars Barnehagedagen
APRIL	9. og 10. april - Fotograf 8. april Påskefrokost Selstadveien 11. Påskefrokost Steia Påskeuke 14. t/m 18. april
MAI	Planleggingsdag 2. mai og 30. mai
JUNI /JULI	12. juni Sommeravslutning for alle foreldre med avskjed for Alpha 5. juni Tur og kosekveld for Alphagruppe

# Kontakt informasjon

## Avdeling Røyskatt Hvit:

Avdelingsleiar: Anna Slizewska  
Pedagogisk leiar:  
Telefon til avdelinga: 96946311

## Avdeling Røyskatt Brun:

Avdelingsleiar: Hege Ness  
Ped.leder:  
Telefon til avdelinga: 99085547

## Avdeling Gaupe:

Avdelingsleiar: Anne Marte Dvergsdal  
Pedagogisk leiar:  
Telefon til avdelinga: 468 46 219

## Avdeling Oter:

Avdelingsleiar: Bente Sølvberg  
Ped.leder: Dominika Wojtowicz  
Telefon til avdelinga: 99590577

## Avdeling Rev:

Avdelingsleiar: Øystein A Øverebø  
Pedagogisk leiar: Tonje Høgelid  
Telefon til avdelinga: 96940408

## Avdeling Mår:

Avdelingsleiar: Ingrid-Helene Rabben  
Barnehagelærer: Aina Hovlandsdal  
Telefon til avdelinga: 96940405

## Avdeling Ekorn:

Avdelingsleiar: Sven Igelkjøn  
Pedagogisk leiar: Trude Osland Myren  
Telefon til avdelinga: 96940409

## Fagleiar: Gro Bruland

Telefon: 48131648

## Styrer Steia: Anita Marskar

Tlf: 41274956

Epost: Anita@sandebarnhage.no

## Styrer Selstadveien: Stine Marie Rinde

Telefon: 48109667

E-post: stinemarie@sandebarnhage.no

Styrerne kan ikke kontaktes via KIDplan.

## Styreleiar: Marianne Ostrøm

Telefon: 94883639

Foreldrerepresentantar i samarbeidsutvalet vert valde på foreldremøtet på hausten.

Kontaktinformasjon for dei vert lagt på heimesida.

Barnehagens hovednummer med valgtaster:

Telefon: 57716300

